




Vår saksbehandlar:
Kjersti Helen Follesø

Direkte telefonnr.:

Vår dato:
26.01.2015
Dykkar dato:

Vår referanse:
2008/1102-401748/2015
Dykkar referanse:

Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep.
0030 Oslo



HØYRINGSUTTALE NOU 2014: 12 PRIORITERINGAR I HELSETENESTA

Bømlo kommune meiner at dei føreslegne hovudkriteria "Helsegevinst", "Ressurs" og "Helsetap" kan vere ei nyttig tilnærming til prioritering på alle nivå i helsetenesta. Føresetnad er aksept for kriteria i befolkninga, forståing av innhaldet i omgrepa hos helsepersonell og politikarar, og meir kunnskap om korleis verdien av helsegevinst, ressurs og helsetap skal kunne fastsetjast ved ulike tilstandar.

Bømlo kommune har likevel følgjande merknader:

- Kriteria er til dels teoretiske storleiker som er vanskelege å berekne. Dei er difor lite egnat til daglege prioriteringar, men kan vere meir anvendeleg på overordna nivå.
- Måten dei blir nytta på, bryt med prinsippet om lik rett til behandling. Ein er difor usikker på om den tilrådde modellen vil ha brei støtte i befolkninga. Dette gjeld særleg i forhold til alder, og i forhold til livsstilssjukdommar og andre kroniske lidningar. Det må gjerast tydelegare korleis bruken av kriteria vil slå ut i praksis.
- Det er naudsynt å nytte systematiske kriterium i prioritering, og at det er openheit om kva kriterium som gjeld.
- Det er naudsynt å nytte kriterium som ikkje underestimerer nytten av førebyggjande tiltak og folkehelseiltak.
- Bømlo kommune meiner at differensiering av eigenbetaling kan vere eit eigna tiltak for å sikre at samfunnet sine ressursar blir nytta på ein måte som gir flest moglege gode leveår for alle, men at ein må sikre at det ikkje medfører ei overføring av ressursar frå naudsynt helseteneste til mindre viktige, men meir økonomisk innbringande tiltak.

Med helsing
Bømlo kommune

for
Kjersti Helen Follesø
kommuneoverlege

Kari A. Alvsuåg